

Noreg i Peter den store

Eit norsk universitetscenter med norske russiskstudentar og eit universitet med russiske norskstudentar. Dette kan du oppleve om du tar turen til Det norske universitetscenteret i St. Petersburg og til Statsuniversitetet i St. Petersburg.

NORRØN: – Tolkiens Ringenes herre vekke interessa for norrøn litteratur og norsk hos meg, fortel Olga Ermakova, som er universitetslektor i norsk ved Statsuniversitetet i St. Petersburg.



Det norske universitetscenteret i St. Petersburg

– Det er svært viktig at Noreg ikkje sviktar Russland i den vanskelege politiske, sosiale og økonomiske situasjonen landet er inne i for tida. Difor kan det vera lettare å få til samarbeid innan forskning og undervisning enn direkte næringslivssamarbeid akkurat no.

Det er også ein fin måte å knyta band mellom Noreg og Russland på, meiner Lillian Helle, som sidan hausten 2000 har vore styrar for Det norske universitetscenteret i St. Petersburg.

Senteret ligg midt i St. Petersburg, like ved Smolny-klosteret, og blei opna av kong Harald 28. mai 1998. Bak senteret står dei fire norske universiteta, men formelt er senteret underlagt Det historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Oslo. Også Utanriksdepartementet har deltatt i finansieringa av senteret. Nyleg har kollegia ved UiO og UiB gått inn for å forlengja levetida til senteret med ti nye år. I åra etter opninga i 1998 har senteret etter kvart funne sin eigen nisje innanfor utdanningstilboda norske studentar blir rente ned av.

Storfagsstudium. – Me har bygd opp eit eige storfagsstudium for alle russiskstudentane i Noreg. Studiet inneber at alle studentane må vera to månader ved senteret kvar vår. Dette opphaldet får dei støtte til gjennom Lånekassen, og ved senteret får dei gratis undervisning i russisk språk og konversasjon med russiske lærarar og forelesingar om blant anna russisk litteratur med meg sjølv som lærar, fortel Lillian Helle.

– Russiske foredragshaldarar blir også inviterte hit for å halda forelesingar over spesielle tema, legg ho til. Og det er ikkje tilfeldig at senteret har blitt lagt til St. Petersburg.

– Det er jo ein av Europas vakreste byar og er blitt rekna som Russlands

vindaug mot Vesten. Då byen blei grunnlagt av Peter den store i 1703, overtok den det kulturelle og politiske hegemoniet frå Moskva. I den russisk-ortodokse tradisjonen har byen representert det dekadente og sekulære Russland i kontrast til Moskva som har symbolisert det religiøse og åndelege Russland. St. Petersburg kan by på det aller ypparste innan europeisk kunst, kultur og arkitektur. Det er ein fantastisk by, som blir vakrere og vakrere etter kvart som restaureringsarbeidet skirir fra. For 27. mai 2003 feirar byen 300-årsjubileet sitt, samtidig som senteret skal markera femårsjubileet sitt, seier Lillian Helle. Ho vil gjerne lokka så mange studentar som mogleg til byen med Vinterpalasset og revolusjonsgata *Nevskij prospekt*, men som også er Leo Tolstojs og Fjodor Dostojevskijs by.

Også grunnfag. Også grunnfagsstudentar i russisk og i Russland og Aust-Europakunnskap kan ta eit eit måned langt valfritt opphald ved senteret med pengar frå Lånekassen. Helle ser at etableringa av senteret har auka interessa for Russland i Noreg.

– Det er ingen tvil om at det har ført til ei gjenoppliving av russiskfaget i Noreg. Ho viser til at det i vår var 20 storfagsstudentar og 40 grunnfagsstudentar i russisk ved senteret. Mange av dei brukte både dusjen og vaskemaskina som står til disposisjon for studentar og forskarar som oppheld seg i St. Petersburg.

– Då var alle romma i lokala våre i bruk, og det summa av masse liv her. Det

gjekk også opp for oss at det var for lite personale i høve til aktivitetsnivået. Heldigvis klarte me å leiga inn ekstrahjelp i den mest hektiske perioden, då det var både undervisning og konferansar her samtidig, seier ho.

Nøgd NTNU-professor. Professor Harald Asheim ved Institutt for petroleumsteknologi og anvendt geofysikk ved NTNU har nyleg kome heim etter eit lengre opphald ved senteret.

– Eg synest dette er eit svært bra tiltak. Då eg kom dit for første gong, hjalp sekretær Larissa Babij meg med å få tak i gode kontaktar innan mitt fag. I haust fungerte senteret meir som ein velferdssentral for norske russiskstudentar. I tillegg er St. Petersburg ein svært interessant by, så eg var svært nøgd med tida eg tilbrakte på senteret. Etter mi meining burde enda fleire ta i bruk dette tilbodet, meiner Asheim.

Ved Det norske universitetscenteret rettar dei no blikket mot andre moglege brukarar enn berre dei som studerer russisk eller andre fag ved HF-fakulteta, understrekar Lillian Helle.

– Det er viktig for oss å få fram at senteret skal vera ein serviceinstitusjon for alle dei akademiske miljøa i Noreg. Dei som er tilsette ved dei fire eigaruniversiteta, kan få bruka lokala våre utan å betala ei krone for det, medan andre må betala litt i leige. Det er grunnen til at me også har vore vertar for eit seminar for forskarar i sosiologi og samanliknande politikk som blei leia av professor Stein Kuhnle ved UiB. Seminardeltaka-



NORSKUNDERVISNING: Vera Diakonova t.v. underviser anov, Ekaterina Uspenskaja og Nadja Kotsjegarova.

rane fekk svært god kontakt med forskarar frå Statsuniversitetet i St. Petersburg og ved Det europeiske universitet, som er finansiert av finansmannen George Soros, minnest Helle. Ho viser også til at det har blitt halde feministkonferanse om tilbakevendinga til gamle patriarkalske familiemønster som har prega utviklinga i Russland etter kommunismen. I tillegg har det vore seminar for historikarar frå NTNU og for samfunnsøkonomar frå UiO.

Enorm pågang. For dei som ikkje kan tenkja seg å bruka eit år av livet sitt for å studera russisk, men har lyst til å smaka litt på språket, så har også senteret eit tilbod til dei.

– Ja, me kan skreddarsy eit undervisningsopplegg med russisk privatlærer for ein forskar som berre ynskjer å læra seg nok russisk til at han eller ho kan kommunisera betre med russiske kollegar. Og dersom det er nokon som berre ynskjer å læra nok russisk til at dei kan klara seg i butikkar, på T-bana og på teateret på eiga hand, så skal me også klara å ordna det, reklamerer Helle. Akkurat no er ho oppteken av at Det norske

ores by

St. Petersburg er vakker og kan by på det ypperste innan europeisk kultur, arkitektur og kunst.



VELKOMEN: Styrar Lillian Helle (til venstre) og sekretær Larissa Babij ynskjer studentar og forskarar velkommen til Det norske universitetssenteret.



Russarar i norsk på senteret. Studentane er Grigorij Vart-



BIBLIOTEKET: Biblioteket har ei stor samling av russisk litteratur, men no ynskjer styrar Lillian Helle å byggja opp ei samling med norsk litteratur. Her sit Lillian Helle (t. v.) saman med sekretær Larissa Babij, besøkjande Helena Christiansen, student i Russland og Aust-Europakunnskap, Liv Parnemo, besøkjande Guttorm Ultveit og russiskstudent Silje Andresen.

Å studera norsk i Russland

På den andre sida av elva Neva ligg Statsuniversitetet i St. Petersburg. 1500 studentar går på Det filologiske fakultetet, og 65 av dei finn du på Skandinavisk institutt som har hatt svensk og norsk på undervisningsplanen sidan høvesvis 1935 og 1945. Dei 16 tilsette underviser også i dansk og i nederlandsk (!)

– Statsuniversitetet i St. Petersburg var det første universitetet i Russland som fekk eit eige Skandinavisk institutt, fortel styrar Boris Skarov på flytande dansk. Han er stolt over å fortelja at både kong Harald og dronning Sonja besøkte instituttet i 1998. Dessutan er han glad for støtta instituttet får frå dei nordiske universiteta.

Norsk-russisk samarbeid. – Dei skaffar oss datamaskinar og kopimaskinar, for staten dekkar berre utgiftene til lønningar og studentstipend. Vedlikehald av bygningar og utstyr må dei russiske universiteta kosta sjølve, fortel han. Dosent Aleksandra Livanova og universitetslektor Olga Ermakova er dei to norsklærarane ved instituttet. Ingen av dei trur at undervisninga i norsk og andre skandinaviske språk blir råka av den økonomiske krisa ved dei russiske universiteta.

– Det er det ingen fare for. Universitetsleiinga trekkjer alltid fram Skandinavisk institutt som eit av dei beste institutta ved heile universitetet. Mange synest det er rart at me vil studera eit så

lite språk som norsk, men for lingvistar er eit språk like viktig uavhengig av om det er 200 eller 200 millionar personar som snakkar det. For oss er norsk ein dørøpnar til dei andre skandinaviske språka, fortel Aleksandra Livanova. Sjølv byrja ho å studera norsk på slutten av Den kalde krigen. Det gjekk over 15 år frå ho hadde fullført studiane i norsk til ho kom til Noreg for første gong i 1991.

Setesdalsdialekt med russisk aksent. – Då fekk me ikkje lov til å reisa til Noreg. Dagens russiske norskstudentar får i alle fall lov til å reisa til Noreg og tala norsk, så sant dei får økonomisk støtte til det, seier ho. Den dagen me var på besøk, skulle ho undervisa studentane i setesdalsdialekten. Ho hadde også transkribert ein tekst på setesdalsdialekt til den internasjonale lydskrifta. Ingen av dei fem kvinnelege studentane me treffe, klaga over at den var vanskeleg å forstå.


– Eg stiller alltid spørsmål om kva som er typisk for kvar einskild dialekt. For setesdalsdialekten er det altså dei korte stavingane, forklarar Livanova.

Fem norskstudentar i St. Petersburg

Alle dei fem russiske norskstudentane me treffe, snakkar flytande norsk og er godt i gong med hovudoppgåver som lett kan ta pusten frå ein innfødd nordmann:


Varvara Khosroeva

– Eg skriv om Henrik Ibsens kvinnelege hovudpersonar i Fruen fra havet, Hedda Gabler og Et dukkehjem. Oppgåva mi blir å samanlikna dei og finna likskapar og skilnader.




Anna Kalugina

– Oppgåva mi går ut på å samanlikna tydinga av omgrepa hjarte, ånd og sjel i norsk og russisk ved å sjå på forskjellige omsetjingar. Til no har eg funne ut at russarar brukar meir sjel, medan nordmenn brukar meir hjarte i dei tekstane eg har sett på.




Anastassia Dussenkova

– Eg skriv om Sigurd Hoels roman *Møte ved milepelen* som handlar om korleis nordmenn oppførte seg under den nazistiske okkupasjonen under Den andre verdenskrigen.



Natasja Andronova

– No held eg på å samla ord som karakteriserer eit menneske, som til dømes horebukk, pikenens Jens og lesehest. Desse orda står ikkje i ordbøkene, difor har eg tenkt å gi ut ei ordbok med slike kraftuttrykk.



Natasja Gorova

– Eg skriv på ei oppgåve som handlar om korleis oppfordringar og gestar blir uttrykte i norsk språk.

